



## **DELÅRSRAPPORT** **3. kvartal 2008**

Voss, 21. oktober 2008

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA  
Postboks 10, 5701 Voss  
Telefon: 56 52 35 00 fax. 56 51 27 47  
[www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)  
E-post: [post@vekselbanken.no](mailto:post@vekselbanken.no)

# DELÅRSRAPPORT 3. KVARTAL 2008

## RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA hadde eit resultat før skatt i 3. kvartal på 4,7 mill. kr, mot 6,6 mill. kr i 3. kvartal i fjor. Dette tilsvarar 0,75% i år, mot 1,18% i fjor av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) i kvartalet. Resultat etter skatt er på 3,0 mill. kr, mot 4,6 mill. kr i same kvartal i fjor. Dette tilsvarar 0,49% i år og 0,82% i fjor av GFK i kvartalet. Pr. 30.09 var resultatet etter skatt 13,1 mill. kr eller 0,75%. Tilsvarande tal i fjor var 15,8 mill. kr og 1,01%

## RENTEMARGIN

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter i 3. kvartal er på 14,6 mill. kr, mot 15,4 mill. kr i fjor. I % av GFK i kvartalet er rentemarginer 2,35% mot 2,76% i fjor. Pr. 30.09 er rentemarginen på 43,6 mill. kr mot 42,6 mill. kr i same periode i fjor. I % av GFK er rentemarginer 2,48% i år mot 2,70% i fjor. Uroa og konkurransen i finansmarknadane har medført at banken har fått auka fundingkostnader og noko auka press på rentemarginen.

## INNETEKTER FRÅ VERDIPAPIR

Den negative utviklinga på Oslo Børs og i verdsekonomien har halde fram i 3. kvartal. Banken sin portefølje av aksjar og obligasjonar som er finansielle omløpsmidlar gjenspeglar denne utviklinga, og i 3. kvartal er det kostnadsført 1,9 mill. kr i realisert agio/disagio og verdijusteringar, mot ei kostnadsføring på 1,3 mill. kr i fjor. Pr. 30.09 i år er det totalt kostnadsført 3,4 mill. kr i realisert agio/disagio og verdijusteringar mot ei kostnadsføring på 0,5 mill. kr pr. 30.09. i fjor.

## DRIFTSKOSTNADER

Sum driftskostnader i 3. kvartal er på 8,4 mill. kr, mot 8,0 mill. kr i tilsvarande periode i fjor. Utviklinga i driftskostnadane er banken godt nøgd med, då driftskostnadane utgjer 1,36% av GFK i kvartalet mot 1,43% i fjor. Pr. 30.09 i år er driftskostnadane på 23,3 mill. kr mot 23,1 mill. kr i fjor. Dette tilsvarar ein reduksjon på 0,14% av GFK i forhold til same periode i fjor.

## TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

I 3. kvartal har banken bokført tap på 0,9 mill. kr mot 0,7 mill. kr i same periode ifjor. Konstaterte tap som er nedskrive tidlegare, er ved utgangen av 3. kvartal 3,9 mill. kr, mot 4,1 mill. kr i fjor. Netto misleghaldne lån utgjorde 15,2 mill. kr pr. 30.09.08, mot 23,4 mill. kr pr. 30.09.07. Netto misleghaldne lån pr. 30.09.08 utgjer 0,73% av brutto utlån, mot 1,20% pr. 30.09.07.

## RÅDVELDEKAPITAL

Rådveldekapitalen har i 3. kvartal auka med 68,0 mill. kr, eller 2,8%. Banken sin rådveldekapital pr. 30.09.08 er på 2 510 mill. kr. For dei siste 12 månadane er veksten i rådveldekapitalen på 259,3 mill. kr, eller 11,5%.

## INNSKOT

Innskot frå kundar er auka med 60 mill. kr i 3. kvartal, eller 3,78%. Innskot frå kundar er på 1 656 mill. kr pr. 30.09.08, mot 1 533 mill. kr pr. 30.09.07. Auken utgjer 123 mill. kr eller 8,02%. Innskot frå kundar utgjer 80% av brutto utlån, opp frå 77% ved halvårsskiftet.

## UTLÅN

I 3. kvartal har brutto utlån til kundar auka med 7 mill. kr, eller 0,35%. Brutto utlån til kundar utgjorde 2 071 mill. kr pr. 30.09.08, mot 1 944 mill. kr pr. 30.09.07. Auken utgjer 127 mill. kr, eller 6,53%.

## EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Netto ansvarleg kapital etter dei nye Basel II reglane er 234 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 15,41%. Kjernekapitalen er samstundes 209 mill. kr eller 13,76%. I forhold til minimumskrava har banken ei overdekning på 113 mill. kr.

## REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

## REKNESKAPSPRINSIPP

Delårsrapporten er sett opp i samsvar med "Norsk RegnskapsStandard 11 Delårsrapportering", og som er same prinsipp som ved årsoppgjeret for 2007.

## UTSIKTENE FRAMOVER

Uroa i finansmarknadane har gjeve sterk auke i pengemarknads-renta. Konsekvensen av uroa er auka fundingkostnad og auka konkurranse om innskotsmidlane. I denne samanheng er styret godt nøgd med at banken sine kundar støttar opp om banken og har auka innskota hjå oss. Styret er opptatt av å tilpassa rentevilkåra på innskot og utlån i takt med utviklinga i marknaden. Vi forventar ein lægre vekst i utlåna framover. Styret legg vekt på framleis effektiv drift av banken. Så langt styret kan sjå i dag er det ikkje noko som skulle tilseie at resultatet for 4. kvartal vil avvika vesentleg frå resultatet i 3. kvartal.

Kontaktpersonar: Banksjef Jan Arveschoug tlf 56 52 35 50 eller  
Soussjef Einar Larsen tlf 56 52 35 01

## RESULTATREKNESKAP

Alle tal i heile NOK 1.000

	3. kv. 08	3. kv. 07	30.09.08	30.09.07	31.12.07
Renteinntekter og liknande inntekter	44.355	32.354	121.026	85.461	121.854
Rentekostnader og liknande kostnader	29.759	16.905	77.443	42.886	63.429
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>	<b>14.596</b>	<b>15.449</b>	<b>43.583</b>	42.575	58.425
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	10	0	400	1.313	1.313
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	1.777	1.654	4.672	4.447	5.890
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-562	-625	-1.642	-1.691	-2.297
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	-1.964	-1.284	-3.409	-454	-524
Andre driftsinntekter	165	113	496	442	712
<b>Sum andre inntekter</b>	<b>-574</b>	<b>-142</b>	<b>517</b>	4.057	5.094
<b>Sum netto inntekter</b>	<b>14.022</b>	<b>15.307</b>	<b>44.100</b>	46.632	63.519
Løn og generelle administrasjonskostnader	7.009	6.636	19.443	18.839	26.454
Ordinære avskrivningar	115	302	334	1.082	1.210
Andre driftskostnader	1.309	1.069	3.556	3.198	4.355
<b>Sum kostnader</b>	<b>8.433</b>	<b>8.007</b>	<b>23.333</b>	23.119	32.019
<b>Resultat før tap</b>	<b>5.589</b>	<b>7.300</b>	<b>20.767</b>	23.513	31.500
Tap på utlån, garantiar m.v.	906	675	1.682	2.142	2.447
Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0	0	0	0	0
<b>Netto tap og avskrivningar</b>	<b>906</b>	<b>675</b>	<b>1.682</b>	2.142	2.447
<b>Resultat før skatt</b>	<b>4.683</b>	<b>6.625</b>	<b>19.085</b>	21.371	29.053
Skatt på ordinært resultat	1.665	2.029	6.003	5.530	7.683
<b>Resultat for rekneskapsåret</b>	<b>3.018</b>	<b>4.596</b>	<b>13.082</b>	15.841	21.370
<b>Disponering av overskot:</b>					
Utbytte på aksjar	0	0	0	0	5.890
Overført til annan eigenkapital	0	0	0	0	15.480
<b>Sum disponert</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	0	21.370
Resultat pr. aksje	31,77	48,38	137,71	166,75	224,95
Utvatna resultat pr. aksje	31,77	48,38	137,71	166,75	224,95

## BALANSE

Alle tal i heile NOK 1.000

**30.09.08** 30.09.07 31.12.07

### EIGNELUTAR

Kontantar og fordringar på sentralbankar	238.118	124.174	126.988
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	42.596	65.056	41.229
Netto utlån og fordringar på kundar	2.032.407	1.902.875	1.939.358
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	157.383	117.192	94.643
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	22.330	28.329	24.968
Utsett skattefordel	882	0	882
Finansielle derivat	0	0	0
Varige driftsmidlar	1.863	2.194	1.663
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	14.861	11.333	12.695

### SUM EIGNELUTAR

**2.510.440** 2.251.153 2.242.426

### GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar	0	56.158	5.000
Innskot frå og gjeld til kundar	1.655.844	1.532.962	1.587.790
Obligasjons- og sertifikatgjeld	532.000	375.000	377.500
Finansielle derivat	534	0	0
Anna gjeld	13.839	14.083	26.594
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	54.544	33.443	5.674
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	5.244	3.990	4.516
Ansvarleg lånekapital	25.000	25.000	25.000
<b>Sum gjeld</b>	<b>2.287.005</b>	<b>2.040.636</b>	<b>2.032.074</b>

### EIGENKAPITAL

#### Innskoten eigenkapital

Aksjekapital (95 000 aksjar á kr. 100,-)	9.500	9.500	9.500
- Behaldning egne aksjar	-6	-15	-6
Sum innskoten eigenkapital	9.494	9.485	9.494

#### Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital	213.941	201.032	200.858
Sum opptent eigenkapital	213.941	201.032	200.858
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>223.435</b>	<b>210.517</b>	<b>210.352</b>

### SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

**2.510.440** 2.251.153 2.242.426

Garantiansvar	48.921	64.725	48.055
Pantsetjingar	0	0	0
Eigenkapitaldekning	15,41 %	14,46 %	15,31 %
Gjennomsnittleg rådveldekapital	2.339.466	2.099.796	2.169.562

Voss, 21.10.08

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Lars I. Kvarekval  
styreformann

Anders Ullestad

Björg Knapstad

Jorunn Lødemel

Norvald Fretheim

-----  
Jan Arveschoug  
banksjef

## TAP PÅ UTLÅN

### Bokførte tap

	Alle tal i heile NOK 1.000		
	30.09.08	30.09.07	31.12.07
Endring i individuelle tapsnedskrivningar	-1.352	-2.634	4.898
Endring amortiseringseffekt individuelle nedskrivningar	-873	762	-540
Endring i gruppevise nedskrivningar	0	0	-7.500
Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for	3.959	4.144	5.731
Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive på	0	15	17
Inngang på tidlegare avskrivne tap	-52	-145	-159
<b>Sum tap i perioden</b>	<b>1.682</b>	<b>2.142</b>	<b>2.447</b>

Sum tap gjeld tap på utlån.

### Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån	19.164	32.003	33.608
Individuelle tapsnedskrivningar	3.951	8.580	9.046
<b>Netto misleghaldne lån</b>	<b>15.213</b>	<b>23.423</b>	<b>24.562</b>
Andre tapsmerka engasjement	87.510	82.213	90.975
Individuelle tapsnedskrivningar	24.552	15.405	21.129
<b>Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån</b>	<b>62.958</b>	<b>66.808</b>	<b>69.846</b>
<b>Netto tapsutsette engasjement</b>	<b>78.171</b>	<b>90.231</b>	<b>94.408</b>

## SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån	2.071.416	1.944.866	1.980.038
Amortiseringseffekt individuelle nedskrivningar	2.905	1.243	2.586
Individuelle nedskrivningar / spesifiserte avsetjingar	-31.408	-25.228	-32.760
Gruppevise nedskrivningar / uspesifiserte avsetjingar	-10.506	-18.006	-10.506
<b>Netto utlån til kundar</b>	<b>2.032.407</b>	<b>1.902.875</b>	<b>1.939.358</b>

## ENDRING I EIGENKAPITALEN

Eigenkapital pr. 01.01	210.353	194.676	194.676
Sal egne aksjar	0	0	197
Resultat i perioden	13.082	15.841	21.369
Utbytte	0	0	-5.890
<b>Eigenkapital pr. 30.09 / 31.12</b>	<b>223.435</b>	<b>210.517</b>	<b>210.352</b>

## KONTANTSRAUMOPPSTILLING

Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalningar	120.844	86.974	127.037
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalningar	-31.139	-18.011	-66.461
Andre innbetalningar	1.072	1.894	2.230
Driftsutbetalningar	-21.450	-21.426	-28.908
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap	44	146	159
Utbetalt utbytte	-5.890	-6.175	-6.175
Betalte skattar	-7.280	-6.088	-7.300
<b>Tilført frå verksemda</b>	<b>56.201</b>	<b>37.314</b>	<b>20.582</b>
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar	-95.598	-180.018	-215.832
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	68.054	91.854	146.682
Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar	-5.000	-18.842	-70.000
Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld	154.500	125.000	127.500
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar	2.884	1.170	-3.780
Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir	-71.148	86.465	95.685
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar	0	-65.000	0
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld	-5.588	-4.430	14
Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital	0	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i egne aksjar	0	0	197
<b>Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd</b>	<b>48.104</b>	<b>36.199</b>	<b>80.466</b>
Investert i varige driftsmidlar	-304	58	460
Avgang varige driftsmidlar, til salssum	0	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir	8.496	-112.742	-96.692
<b>Netto kontantstraum frå investeringar</b>	<b>8.192</b>	<b>-112.684</b>	<b>-96.232</b>
Netto endring likvidar	112.497	-39.171	4.816
Likviditetsbeholdning pr. 01.01	168.217	163.401	163.401
<b>Likviditetsbeholdning pr. 30.09 / 31.12</b>	<b>280.714</b>	<b>124.230</b>	<b>168.217</b>

### Likviditetsbeholdning 30.09 / 31.12 består av:

Kontantar og fordringar på sentralbankar	238.118	124.174	126.988
Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid	42.596	56	41.229
<b>Sum likviditetsbeholdning pr. 30.09 / 31.12</b>	<b>280.714</b>	<b>124.230</b>	<b>168.217</b>